



**Høgskulen
på Vestlandet**

Nærregion Sogn og Fjordane

Læringsutbytte i vurderingsskjema for praksisstudiar i sjukepleie

**Rapport om arbeidsprosessen med nye vurderingsskjema med
læringsutbytte for praksisstudiar ved Bachelor i sjukepleie 2011-2014**

Høgskulelektor Bente Gunn Melheim

Emneansvarleg kommunehelseteneste og psykisk helsearbeid 2011-2014

Institutt for sjukepleieutdanning

Avdeling for helsefag

Campus Førde

N-NR 10/2017

Høgskulen på Vestlandet, Nærregion Sogn
og Fjordane

TITTEL Læringsutbytte i vurderingsskjema for praksisstudiar i sjukepleie	NOTATNR. 10/2017	DATO 04.12.17
PROSJEKTITTEL Rapport om arbeidsprosessen med nye vurderingsskjema ved Bachelor i sjukepleie Campus Førde 2011-2014	TILGJENGE	TAL SIDER 58
FORFATTAR Høgskulelektor Bente Gunn Melheim	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG Emneansvarleg Bente Gunn Melheim	
OPPDRAGSGJEVAR Institutt for sjukepleieutdanning, Avdeling for helsefag, Høgskulen i Sogn og Fjordane	EMNEORD Læringsutbytte, vurderingsskjema, praksisstudiar	
<p>SAMANDRAG Notatet omhandlar arbeidet med å utarbeide nytt vurderingsskjema for praksisstudiar ved sjukepleieutdanninga i Førde. Bakgrunnen for endringa var innføringa av læringsutbytte i Studieplan for Bachelor i sjukepleie HiSF Avdeling for helsefag.</p> <p>Nye vurderingsskjema for praksisstudiar i heimesjukepleie og psykisk helsearbeid vart utarbeida i eit samarbeid mellom sjukepleiestudentar, kontaktsjukepleiarar og praksislærarar. Læringsutbytte legg føringar for forventnings- og vurderingssamtalar med utgangspunkt i vurderingsskjema. Saman med fagleg refleksjon i praksisstudiane, bidreg læringsutbytte i vurderingsskjema til å synleggjere og bevisstgjere studenten i eigen læringsprosess.</p>		
PRIS	ISSN 0806-1696	ANSVARLEG SIGNATUR <i>Anne Marie Sandvoll</i>

Forord

Notatet gjer greie for arbeidsprosessen med å utvikle nytt vurderingsskjema for praksisstudiar i sjukepleie 2011-2014. Bachelor i sjukepleie ved Høgskulen i Sogn og Fjordane var då organisert under Institutt for sjukepleieutdanning ved Avdeling for helsefag i Førde. Sara Terese Osland var instituttleiari og tok initiativ til endringa. Målet med arbeidet var nytt vurderingsskjema med læringsutbytte for kvart praksisemne. Målgruppa for notatet er pedagogisk tilsette og kontaktsjukepleiarar ved sjukepleieutdanninga. Kjeldetilfanget er i all hovudsak referat frå møter i emnegruppe, fagutval og programevaluering.

Arbeidet med nye vurderingsskjema var leia av Bente Gunn Melheim som emneansvarleg for tre emne i femte semester 2011-2014. Emnet SK165 Kommunehelseteneste og psykisk helsearbeid/helsevern utgjer 11 studiepoeng, og gir teoretisk grunnlag for to påfølgande praksisemne på 12 studiepoeng kvar, SK166 Rettleia praksis i psykisk helsearbeid/helsevern og SK167 Rettleia praksis i heimesjukepleie. Nytt vurderingsskjema for dei to praksisemna vart innført hausten 2012 etter ein testrunde same vår. Emneansvarleg tilpassa skjema og læringsbytte etter tilbakemeldingar frå studentar, kontaktsjukepleiarar og praksislærarar i påfølgande semester fram til hausten 2014.

Eg takkar høgskulelektorane i emnegruppa for tolmodig samarbeid med konstruktive innspel undervegs. Dei tok del i diskusjonane i emnegruppa, og som praksislærarar i samarbeid med studentar og kontaktsjukepleiarar. Takk også til tidlegare instituttleiari Sara Terese Osland som hausten 2014 ga nyttige innspel på fagteksten som ligg til grunn for dette notatet. I tillegg vil eg takke førstekonsulent Espen Strømmen Ask for god teknisk hjelp med skjemaet.

Til sist vil eg takke førsteamanuensis Anne Marie Sandvoll som har lese gjennom HVL-notatet. Ho har gitt nyttige innspel i skriveprosessen hausten 2017. Notatet er ledd i mi kvalifisering til førstelektor.

Førde 4. desember 2017

Bente Gunn Melheim

Innhald

Forord

1. Innleiing og bakgrunn	s.3
2. Sentrale dokument og omgrep	s.4
2.1 Læringsutbytte i kvalifikasjonsrammeverket NKR	s.4
2.2 Sjukepleiekompetanse i Rammeplan og Studieplan	s.5
3. Arbeidsprosess med nytt vurderingsskjema	s.5
3.1 Utvikling av testskjema	s.6
3.2 Utvikling av nytt vurderingsskjema	s.8
3.3 Nytt vurderingsskjema blir tatt i bruk	s.9
3.4 Nytt vurderingsskjema i andre praksisemne	s.11
4. Refleksjon over prosessen med å implementere nye vurderingsskjema	s.11
4.1 Læringsutbytte som utgangspunkt for rettleiing og vurdering	s.12
4.2 Studieadministrative sider	s.14
4.3 Avrunding	s.14
5. Referanseliste	s.15

Vedlegg nr.1-8:

1. Vurderingsskjema for praksisstudiar ved HiSF Avdeling for helsefag (7 s)
2. Praksisprogram kommunehelseteneste Bachelor i sjukepleie HiSF etter rammeplan 2004 (2 s)
3. Arbeidsplan (1 s)
4. Forslag frå instituttleiar Sara Osland til nytt vurderingsskjema for praksisstudiar (5 s)
5. Testskjema for Kull 56 (11 s)
6. Vurderingsskjema for Bachelor i sjukepleie HiSF Avdeling for helsefag, SK167 Rettleia praksis i heimesjukepleie – Kull 57 1.periode (3 s)
7. Vurderingsskjema for Bachelor i sjukepleie HiSF Avdeling for helsefag, SK167 Rettleia praksis i heimesjukepleie – Kull 57 2.periode (7 s)
8. Vurderingsskjema for Bachelor i sjukepleie HiSF Avdeling for helsefag, SK167 Rettleia praksis i heimesjukepleie – Kull 59 (7 s)

1. Innleiing og bakgrunn

Praksisstudiane utgjer halvdelen av studietida i sjukepleieutdanninga, og er derfor sentrale for korleis studenten evnar å tileigne seg sjukepleiekompetanse. Studieplan for Bachelor i sjukepleie ved Avdeling for helsefag (AHF) Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) presenterer praksisstudiane slik: «... skal gi studenten optimal handlingskompetanse for å kunne møte pasienten og samfunnet sine behov for sjukepleie» (HiSF, 2014). Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) fører tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning. I Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) er det vist til §7-2 i Studietilsynsforskrifta frå 2010. Forskrifta krev at studiane er formalisert med læringsutbytte. Læringsutbytte omhandlar krav til forventa kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse slik det er fastsett i kvalifikasjonsrammeverket (Kunnskapsdepartementet, 2011).

Høgskulane er pålagt å utarbeide eigne studieplanar med utgangspunkt i gjeldande Rammeplan for sjukepleieutdanningane (Kunnskapsdepartementet, 2008). Læringsutbytta i Studieplan for Bachelor i sjukepleie ved AHF er formulert i tråd med føringane frå «Sykepleierutdanningenes faglige lederforum» (SUFAL, 2014), NKR (Kunnskapsdepartementet, 2011) og Rammeplan (Kunnskapsdepartementet, 2008). Dei seks emna med rettleia praksisstudiar har i 2017 eigne læringsutbytte, som avspeglar kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse utifrå forventa progresjon gjennom studiet. Studenten si faglege utvikling er vektlagt i praksisrettleiing og i formelle samtalar med kontaktsjukepleiar og praksislærer. Det er forventa at studenten sin kompetanse skal tilfredsstille læringsutbytte i kvart av emna ved avslutta praksisperiode. Dei faglege vurderingane frå student, kontaktsjukepleiar og praksislærer til halvtids- og sluttvurdering skal gå fram av vurderingsskjemaet. Skjemaet dokumenterer om praksisstudiane er vurdert til greidd eller ikkje greidd (HiSF, 2014).

Hausten 2011 brukte Institutt for sjukepleieutdanninga ved AHF same vurderingsskjema i alle praksisperiodar fordelt over tre år, sjå Vedlegg nr.1. Skjemaet hadde eigne vurderingspunkt utan læringsutbytte og forventningar til nivå på utøvd sjukepleie. Dåverande instituttleiar Sara Terese Osland meinte at manglande spesifikasjon av forventa kompetanse i vurderingsskjema, kunne resultere i mangelfull og tilfeldig vurdering. Det var opp til den enkelte kontaktsjukepleiar og praksislærer å vurdere kva som var tilfredsstillande nivå for greidd praksis. Noko av utfordringa var at læringsutbytte var skilt frå vurderingsskjemaet i eigne emneplanar som del av Studieplan for Bachelor i sjukepleie ved AHF (HiSF, 2009).

På denne bakgrunn tok instituttleiar initiativ til å endre vurderingsskjema for praksisstudiar. Emneansvarleg Bente Gunn Melheim tok utfordringa, og starta arbeidet med å utvikle nye vurderingsskjema med læringsutbytte for praksisstudiar for to praksisemne i femte semester,

heimesjukepleie (HSPL) og psykisk helsearbeid/helsevern (PSH). Emneansvarleg leia arbeidet i emnegruppa for HSPL og PSH frå 2011 til 2014. To praksislærarar i HSPL og to praksislærarar i PSH deltok i utprøvinga av testskjema våren 2012. Emneansvarleg var ein av praksislærarane i HSPL. Notatet utdjupar arbeidsprosessen i emnegruppa og samarbeidet undervegs med studentar og kontaktsjukepleiarar. Då nytt vurderingsskjema vart tatt i bruk hausten 2012, var om lag ti-tolv praksislærarar i HSPL og PSH involvert. For å forenkla framstillinga av arbeidet, er prosessen forklart ved hjelp av endringane i vurderingsskjema med utgangspunkt i læringsutbytte for HSPL. Vurderingsskjema for PSH er utvikla parallelt i dei same emnegruppemøta med same utforming som for HSPL. Til slutt i notatet er prosessen med å implementere nye vurderingsskjema ved Institutt for sjukepleieutdanning ved AHF evaluert.

2. Sentrale dokument og omgrep

2.1 Læringsutbytte i kvalifikasjonsrammeverket NKR

Omgrepet læringsutbytte vart først brukt i Studieplan for Bachelor ved AHF utdanningsåret 2009/10 (HiSF, 2009). Endringane i studieplanen var eit resultat av føringar gitt i Rammeplan for sjukepleieutdanningane frå Kunnskapsdepartementet i 2000, 2004 og 2008. I eit ministarmøte i Bolognaprosessen i Bergen i 2005 vart det vedteke eit overordna rammeverk for å implementere læringsutbytte for Bachelor, Master og PhD. Kvalifikasjonsrammeverket NKR klargjer den enkelte kandidat sine kvalifikasjonar på alle nivå gjennom heile livet på alle arenaer. Læringsutbytte er eit uttrykk for kva arbeidsgjevar kan forvente av studenten etter avslutta utdanning. NKR er eit hjelpemiddel for å dreia merksemda frå undervisning og over i læring (Kunnskapsdepartementet, 2011).

Læringsutbytte er definert slik:

«Det en person vet, kan og er i stand til å gjøre som et resultat av en læringsprosess.

Læringsutbytte er beskrevet i kategoriene kunnskap, ferdigheter og kompetanse. Nivået på læringsutbyttet er avhengig av kompleksiteten av kunnskapen, ferdigheten og den generelle kompetansen.» (Kunnskapsdepartementet, 2011, s.46)

Dei tre kategoriane er vidare utdjupa slik: Kunnskap er korleis ein forstår teoriar, fakta, omgrep, prinsipp, fagprosedyrar, fagområde og/eller yrke. Ferdigheit er evna ein har til å nytte kunnskap til å løyse problem og oppgåver kognitivt, praktisk, kreativt og kommunikativt. Generell kompetanse er å kunne bruke kunnskapar og ferdigheiter sjølvstendig i ulike situasjonar gjennom å vise

samarbeidsevne, vere ansvarleg, evne å reflektere og tenkje kritisk i utdannings- og yrkessamanheng. Forventa kompetanse ved avslutta høgare utdanning skal gå fram av studieplan. Vurdering og eksamen skal vise korleis studenten evnar å bruke erverva kunnskapar i tråd med læringsutbytte. Vurderinga skal vere eit uttrykk for kvaliteten på prestasjonen (Kunnskapsdepartementet, 2011).

2.2 Sjukepleiekompetanse i Rammeplan og Studieplan

Rammeplan for sjukepleieutdanningane skal sikre eit nasjonalt likeverdige fagleg nivå mellom dei ulike nasjonale utdanningsinstitusjonane. Rammeplanen presiserer kva som skal vere felles ved å definere formål, innhald, organisering og vurderingsordningar. Omgrepa handlingskompetanse og handlingsberedskap uttrykker forventa sjukepleiekompetanse ved fullført utdanning (Kunnskapsdepartementet, 2008).

Handlingskompetanse og –beredskap er formulert slik i Studieplan for Bachelor i sjukepleie ved AHF:

«Handlingskompetanse er knytt til område der sjukepleiaren etter utdanninga skal kunne fungere sjølvstendig. Den nyutdanna sjukepleiaren skal ha handlingskompetanse til å ivareta og utøve oppgåver som er sentrale i yrkesfunksjonen. Handlingsberedskap omfattar kunnskap som etter opplæring, rettleiing og praksiserfaring kan verte vidareutvikla til sjølvstendige funksjonar innan leiing, undervisning, rettleiing og fagutvikling.» (HiSF, 2014)

Skisserte mål for handlingskompetanse i Rammeplan skal vidare operasjonaliserast for kvar praksisperiode. Handlingskompetanse er i all hovudsak retta mot pasient og pårørande, og dei grunnleggande funksjonane i sjukepleie. Rammeplan spesifiserer både handlingskompetanse og handlingsberedskap utifrå seks tema: (1) Helsefremming og førebygging, (2) Pleie, omsorg og behandling, (3) Undervisning og rettleiing, (4) Yrkesetisk holdning og handling, (5) Fagutvikling, kvalitetssikring og forskning, og (6) Organisasjon og leiing, politikk og lovverk. Rammeplanforskrifta spesifiserer korleis dei 180 studiepoenga skal fordelast mellom emna i studieplanen. Forskrifta har også detaljerte føringar for omfang av og innhald i praksisstudiane (Kunnskapsdepartementet, 2008). Korleis studiepoenga fordeler seg over dei tre studieåra i ulike emne ved AHF går fram av Studieplan for Bachelor i sjukepleie (HiSF, 2014).

3. Arbeidsprosess fram mot nye vurderingsskjema

Noko av bakteppet for arbeidet med å innføre nye vurderingsskjema var dreininga frå læringsmål til læringsutbytte i studieplanane innan høgare utdanning. Læringsmåla vart endra til læringsutbytte i

emneplanane frå hausten 2009 for Bachelor i sjukepleie ved AHF (HiSF, 2009). Fram til då hadde kvart emne eigne praksisprogram, der forventningane til studenten sin faglege utvikling var definert utifrå læringsmål, sjå Vedlegg nr.2: Praksisprogram for heimesjukepleie og omsorgsbustadar for døme. Læringsmåla uttrykte forventa progresjon i læring og kompetanse over tre år. Læringsmåla var presentert samla for alle praksisemna i studieplanen, og var spesifisert for kvart emne under overskrifta Praksisstudiar (HiSF, 2005). Dei seks emna med rettleia praksisstudiar vart definert som eigne delemne i 2008. Ti delemne i Studieplan for Bachelor i sjukepleie ved AHF vart då til 16 delemne med eigne læringsmål. Seks emne med rettleia praksisstudiar ga då utteljing i studiepoeng, på lik linje med dei teoretiske emna (HiSF, 2008). Når fleire emne fekk eiga sluttvurdering, ga det studentane hyppigare utteljing i studiepoeng.

Ved AHF var det over tid arbeida med å endre læringsmål til læringsutbytte i Studieplan for Bachelor i sjukepleie. Hausten 2011 var emneansvarleg medlem i ein komité med mandat å utarbeide forslag til endring av emneplanane for femte og sjette semester av studiet. Det låg til mandatet å arbeide med struktur og innhald i teori- og praksisemne i tredje året av utdanninga. Arbeidet munna ut i forslag til reviderte emneplanar for HSPL, PSH, Bacheloroppgåve og Fordjupingspraksis (Heggdal, Melheim, Espeland, Naustdal & Galek; 2012). Emneansvarleg bidrog blant anna med å formulere læringsutbytte i tråd med NKR sitt rammeverk i emneplanane for HSPL og PSH. Formuleringane var grunnlag for og resultat av diskusjonar i komité og emnegruppe. Forslag til endring frå komiteen for ny struktur i tredje året vart ikkje effektuert. Læringsutbytta i forslag til reviderte emneplanar vart derimot sentrale for vidare arbeid med nytt vurderingsskjema. Emneansvarleg leia arbeidet med nytt skjema gjennom fleire møter i emnegruppa med praksislærarane i HSPL og PSH, men også gruppevis for praksislærarane i HSPL og PSH hausten 2011 og våren 2012.

3.1 Utvikling av testskjema

Vurderingsskjemaet er ramma for samtalen mellom student, kontaktsjukepleiar og lærar. I 2011 var vurderingsskjema for praksisstudiar i sjukepleie ved AHF organisert i tre hovudpunkt: (1) Vurdere pasienten sitt behov for sjukepleie, (2) Utøving av sjukepleie og (3) Fagleg ansvar og yrkesetikk. Det var satt av plass i skjemaet til skriftleg vurdering av fagleg utvikling frå student, kontaktsjukepleiar og praksislærar, sjå Vedlegg nr.1. Læringsutbytte gjekk ikkje fram av vurderingsskjemaet, men av emneplan. Studentar med praksisstudiar i HSPL og PSH skreiv arbeidsplan som førebuing til forventningssamtalen med kontaktsjukepleiar og lærar, sjå Vedlegg nr.3. Planen klargjorde korleis studenten ville arbeide for å nå læringsutbytte. Studenten dokumenterte eiga læring i arbeidsplanen ved å loggføre praksiserfaringar og arbeid med faglitteratur fram mot vurderingssamtalane. Ved kvar samtale la studenten fram si vurdering av eigen prestasjon for kontaktsjukepleiar og lærar. Når

studenten nådde måla som forventa, fekk prestasjonen talet 2 i vurderingsskjemaet. I motsett fall, vart talet 1 nytta saman med utfyllande vurderingar frå kontaktsjuepleiar og praksislærar.

Nytt vurderingsskjema skulle kombinere læringsutbytte henta frå emneplanen, og studenten si operasjonalisering av læringsutbytte henta frå arbeidsplanen. I tillegg skulle det vere rom for studenten si eigenvurdering og vurderingar frå kontaktsjuepleiar og praksislærar. Loggføring av praksiserfaringar var ikkje lagt inn i forslaget til nytt skjema frå instituttleiar, sjå Vedlegg nr.4. Forslaget frå instituttleiar var organisert slik at vurderingane frå halvtids- og sluttvurdering var plassert på ulike sider i skjemaet. I emnegruppemøtet i mars 2012 valte vi å samle all tekst frå vurderingssamtalane knytt til same læringsutbytte på same side. Emneansvarleg utforma eit forslag til testskjema på elleve sider med ei side for kvart læringsutbytte, sjå Vedlegg nr.5. Erfaringane med testskjema skulle så vere utgangspunkt for utforminga av nytt vurderingsskjema. Læringsutbytta var henta frå revidert emneplan gjeldande frå hausten 2012. Forslag til testskjema vart lagt fram for og godkjent av emnegruppa i april.

Emneansvarleg var ein av to praksislærarar i HSPL som prøvde ut testskjemaet for praksisstudiane, i tillegg til to praksislærarar frå PSH. Vi var saman om å planlegge korleis gjennomføre samtalane med student og kontaktsjuepleiar. Praksislærarane fekk ansvar for å notere parallelt i testskjema og vurderingsskjema under samtalane med student og kontaktsjuepleiar. Tidlegare vurderingsskjema var fortsatt studenten sitt eksamensdokument, og var av den grunn nødvendig å ta med som formell vurdering. Vi la opp til at rekkefølga på læringsutbytta i testskjemaet, skulle styre strukturen i samtalane. Studenten si vurdering av eiga faglege utvikling utifrå læringsutbytte fekk slik større plass i forventnings- og vurderingssamtalane enn før. Vurderingane frå kontaktsjuepleiar og praksislærar skulle fortløpande noterast i vurderings- og testskjema av praksislærar. Tidlegare var det strukturen i felles vurderingsskjema som styrte vurderingssamtalane, sjå Vedlegg nr.1. No var det rekkefølga på læringsutbytta som ga strukturen.

Dei atten studentane på Kull 56, som hadde sagt seg viljuge til å delta, hadde alle bak seg ein praksisperiode i HSPL eller PSH før utprøvinga med testskjema. Dei to praksisemna følgjer etter kvarandre i tid i femte semester. Studentane hadde derfor erfaring med å skrive arbeidsplan, og hadde innsikt i korleis bruke arbeidsplan og vurderingsskjema frå første praksisperiode. Studentane førebudde seg til forventningssamtalen som tidlegare ved å operasjonalisere læringsutbytte. Dei måtte sende testskjemaet til praksislærar på e-post i forkant av samtalane.

Emneansvarleg hadde tett dialog med praksislærarane undervegs i prosessen, for å hente inn erfaringar frå utprøvinga frå praksislærarar, studentar og kontaktsjuepleiarar. I denne fasen var den

største utfordringa å få til «den gode flyten» i samtalanene, når fleire og nye dokument vart brukt parallelt. Sidan strukturen var ny, og det var opna for innspel om prosessen, utfordra det tidsbruken i samtalanene. For emneansvarleg var det viktig å lytte til alle innspel om gjennomføringa, med mål om gode rammer for vurdering av studenten sin sjukepleiekompetanse. Emneansvarleg hadde ansvar for å halde instituttleiar orientert om arbeidet undervegs. Instituttleiar har det formelle ansvaret for studieplanarbeid og vurderingsformer i sjukepleieutdanninga. På programevalueringa i november 2012 i forkant av siste praksis i sjette semester for Kull 56, poengterte studentane ovanfor dekan og instituttleiar, at det var bra med vurderingsskjema som tok utgangspunkt i læringsutbytte.

Erfaringane frå utprøvinga med Kull 56 vart lagt fram for emnegruppa av emneansvarleg på to møter i juni 2012. Vi erfarte at studenten si vurdering av eiga læring, vart meir styrande og kom betre fram i vurderingssamtalen enn tidlegare. Når studenten evna å få fram korleis han eller ho ville arbeide for å nå definert læringsutbytte, vart det lettare for kontaktsjukepleiar og praksislærer å få kjennskap til studenten sine læreføresetnader under forventningssamtalen. Likeeins vart det lettare for studenten å få fram eiga læring og vurdering av fagleg utbytte i vurderingssamtalanene. Emneansvarleg møtte også representantar for Kul 56 i fagutval i mai 2012. Studentane understreka då betydninga av at kontaktsjukepleiar engasjerte seg i korleis studenten konkretiserte læringsutbyttet. Dei melde også tilbake at fleire læringsutbytte gjekk over i kvarandre, og at nokre av dei var vanskelegare å forstå og operasjonalisere enn andre. Testskjemaet besto av mange sider som ga god plass for å skrive, slik det også var i tidlegare arbeidsplan, sjå Vedlegg nr.3. Ulempa var at det kunne gi dårleg oversikt. Dette var forhold emneansvarleg la til grunn i det vidare arbeidet med nytt vurderingsskjema.

3.2 Utvikling av nytt vurderingsskjema

Erfaringane med testskjemaet la grunnlag for den endelege utforminga av nytt vurderingsskjema gjeldande frå hausten 2012. Emneansvarleg grupperte læringsutbytta fordelt på tre sider i nytt skjema etter kva som ga best logisk struktur for samtalanene. Læringsutbytte som høyrde saman utifrå fagleg innhald vart samla. Med fleire læringsutbytte på same side, vart det lettare for studenten å synleggjere fagleg progresjon frå halvtidsvurdering til sluttvurdering. Samstundes var det viktig at sentrale vurderingspunkt i tidlegare skjema, var avspegla i det nye vurderingsskjemaet. Dette var sentralt for å kvalitetssikre skjemaet med utgangspunkt i erfaringane vi hadde opparbeida oss over år. Forslag til nytt vurderingsskjema vart lagt fram for emnegruppa på det siste emnegruppemøtet i juni 2012, sjå Vedlegg nr.6.

Tidlegare vurderingsskjema var brukt i papirform. Student, kontaktsjukepleiar og praksislærer, skreiv sine vurderingar for hand i det same dokumentet til halvtid- og sluttvurdering. Med omlegginga til nytt vurderingsskjema var det opna for at studenten kunne skrive elektronisk i eigne felt for

eigenvurdering. Skjemaet skulle fortsatt brukast i papirversjon, då praksislærar og kontaktsjukepleiar skulle skrive sine vurderingar for hand.

Emneansvarleg samarbeida tett med ein av dei administrativt tilsette for å komme fram til ei god løysing. Skjemaet vi enda opp med, skulle studenten sende utfylt på e-post til praksislærar i forkant av samtalanene. Studenten fekk ansvar for å ta med vurderingsskjema i papir til kontaktsjukepleiar til samtalanene. Med elektronisk skrivetilgang til eigne felt i nytt skjema, kunne studenten skrive meir utfyllande om eiga læring. Det var viktig for å kunne å trekke eigenvurderingane frå studenten sin arbeidsplan inn i vurderingsskjemaet. Arbeidsplanen hadde til no vore eit elektronisk dokument med uavgrensa plass for tekst, sjå Vedlegg nr.3. Emneansvarleg gjekk detaljert gjennom bruken av nytt vurderingsskjema med praksislærarane i eit emnegruppemøte i september 2012.

3.3 Nytt vurderingsskjema blir tatt i bruk

I forkant av første praksisperiode for Kull 57 i september 2012, gjekk emneansvarleg gjennom bruken av vurderingsskjema for studentane i HSPL. Høgskulelektor Valbjørg Espeland hadde tilsvarande gjennomgang for studentane i PSH. Kvar for oss konkretiserte vi korleis operasjonalisere læringsutbytte i nytt skjema ved hjelp av erfaringar frå runden med testskjema og tidlegare arbeidsplanar. Kvar praksislærar hadde ansvar for å rettleie kontaktsjukepleiarane i bruken av skjema, og sjølvstundt også studenten undervegs i praksisstudiane. Etter første praksisperiode med Kull 57 var tilbakemeldingane i all hovudsak positive. Det var eit unisont ønske om meir plass til å skrive i skjemaet. Emneansvarleg la derfor til ei ekstra side. Praksislærarar og kontaktsjukepleiarar vart oppmoda om å skrive på siste side, som var satt av til ekstra tilbakemeldingar i tidlegare vurderingsskjema. Rekkefølga på læringsutbytte vart snudd om, i tillegg til vart vurderingspunkt frå tidlegare skjema lagt til, sjå Vedlegg nr.7. Emneansvarleg la fram forslag til endringar for emnegruppa i november. I møtet kom det fram at eigenvurderinga frå fleire av studentane, var lite utfyllande i vurderingsskjemaet. Emnegruppa konkluderte med at dersom studenten heller ikkje evna å utdjupe eiga læring munnleg, skulle praksislærar kommentere forholdet skriftleg i skjemaet.

På grunnlag av erfaringane frå andre praksisperiode med Kull 57, foreslo emneansvarleg mindre justeringar i rekkefølge og formulering av læringsutbytte på emnegruppemøtet i januar 2013. Endringa gjaldt for Kull 58 sine praksisstudiar seinare på våren. I neste møte i februar diskuterte emnegruppa forventningar til innhald ved operasjonalisering av læringsutbytte. Målet var at praksislærarane skulle vere meir like i sine forventningar til studentane ved utfylling av skjema. På emnegruppemøtet i april var det på ny formidla, at studentane skreiv for lite i skjemaet, og at fleire var motvillige. Emneansvarleg kalla då inn til fagutval med representantane for Kull 58, der også høgskulelektorane Valbjørg Espeland og Siv Førde deltok som praksislærarar i PSH. Dei to

studentrepresentantane fortalde at kullet hadde delte oppfatningar av skjema med læringsutbytte. Den eine av studentane var sjølv svært skeptisk til endringa. Gjennom diskusjonane i møtet fekk studenten etter kvart større forståing for dei positive sidene med å bruke læringsutbytte. Studentane tok også opp at praksislærarane hadde ulike forventningar til kor mykje og kva studentane skreiv i skjemaet. På programevalueringa med leiinga semesteret etter, hadde Kull 58 ingen nye tilbakemeldingar å gje på vurderingsskjemaet.

Sidan også Kull 58 ønskte meir plass til å skrive etter to rundar med nytt skjema, la emneansvarleg fram forslag til endring i emnegruppemøtet i august. Dei skriftlege vurderingane frå praksislærar og kontaktsjukepleiar, vart flytta bak på eigne sider i skjemaet. Studenten fekk slik betre plass på dei fremste sidene til eigne vurderingar. Praksislærar og kontaktsjukepleiar skulle i staden skrive sine vurderingar med tal her, sjå Vedlegg nr.8. I forkant av praksisstart med Kull 59, gjekk emneansvarleg gjennom bruken av skjemaet med alle praksislærarane i HSPL og PSH i september. Kull 59 hadde også delte meiningar læringsutbytte, både i forkant og etterkant av første praksisperiode. I fagutval i desember formidla studentrepresentantane, at det mangla plass i skjemaet til forventningar til praksisoppfølginga. Sjølv om forventningar var særskilt innlemma i siste vurderingspunkt i skjemaet, og var det sentrale i forventningssamtalen. Kull 59 meinte praksislærarane fortsatt hadde ulike forventningar til utfylling av skjema. På programevalueringa i februar 2014 med Kull 59 formidla studentane at nytt vurderingsskjema var for komplekst, og at skjemaet var eit av forbetringspunkta for AHF.

På eit emnegruppemøte i november 2013 var bruken av vurderingsskjemaet satt særskilt på dagsorden. Nye praksislærarar og nye kontaktsjukepleiarar hadde gjort seg erfaringar med bruken. Fleire av praksislærarane formidla at fleire av kontaktsjukepleiarane, var meir nøgd med tidlegare skjema. Dei ga uttrykk for at læringsutbytte ikkje fekk fram studentane sine kunnskapar og ferdigheiter like godt. På emnegruppemøtet i januar 2014 var tilbakemeldingane frå praksislærarane langt meir positive enn dette. Dei negative tilbakemeldingane vart i møtet tatt til inntekt for at både praksisfelt og praksislærarar trong erfaring over tid for å verte trygge på bruken av læringsutbytte som utgangspunkt for vurdering av sjukepleiekompetanse. Emneansvarleg gjorde nye justeringar av rekkefølga på læringsutbytte i forkant av praksis for Kull 60. I fagutval i mai var også dette kullet spørjande til om endringa var nødvendig. I tillegg var det tydeleg at mange syns det var for tidkrevjande å fylle ut skjema, og at mange var langt meir fortrulege med tidlegare skjema.

For å tydeleggjere korleis studentane kunne operasjonalisere læringsutbytte, la emneansvarleg opp til gruppearbeid for Kull 61 før praksisstudiane i HSPL og PSH hausten 2014. I gruppearbeidet fann studentane saman fram til ei operasjonalisering av læringsutbytta som vart lagt fram og diskutert

med emneansvarleg i plenum. Studentane formidla i fagutval at dei med denne framgangsmåten lettare forsto meininga av alle læringsutbytta. Kull 61 var kjent med nytt skjema frå praksisstudiane i andre semester, men hadde brukt det tidlegare skjemaet i tredje og fjerde semester. Emneansvarleg hadde gått gjennom vurderingsskjemaet med Kull 57, 58, 59, 59D og 60 i ein informasjonstime før praksis. Ved å eksemplifisere korleis dei kunne operasjonalisere læringsutbytte, og opne for dialog i plenum, skulle studentane få tak på korleis operasjonalisere læringsutbytte. Denne framgangsmåten la ikkje til rette for at studenten gjekk inn i det som var vanskeleg på same måte som gruppearbeida med Kull 61 gjorde. Ved å legge opp til ei meir studentaktiv læringsform for Kull 61, kunne studentane bruke tid saman på å forstå læringsutbytta. Både kontaktsjukepleiarar og praksislærarar erfarte at vurderingsskjemaet var betre utfylt i forkant av samtalane etter dette. Det var også medverkande til at både forventnings- og vurderingssamtalar fungerte langt betre enn tidlegare.

3.4 Nytt vurderingsskjema i andre praksisemne

Kull 57 var også dei første til å bruke nytt vurderingsskjema i fordjupingspraksis i sjetten semester våren 2013. Denne omlegginga var leia av emneansvarleg Dagrun Kyrkjebø. Same vår var Kull 61 dei første til å ta i bruk nytt vurderingsskjema for praksisstudiar i sjukeheim i andre semester. Dette arbeidet var leia av emneansvarleg Joanna Galek. I andre semester var det ikkje forventa at studentane skulle operasjonalisere læringsutbytte slik som i femte og sjetten semester. Kolonne to i skjemaet var derfor utfylt på førehand av høgskulelektorane i emnet. Det sentrale var at vurderinga av studenten sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse skulle ta utgangspunkt i læringsutbytte for emnet.

Vi tre emneansvarlege hadde eit felles møte i juni 2013 for å samle erfaringar med innføringa av nytt vurderingsskjema. Emneansvarleg Melheim la fram forslag til forklarande tekst på framsida av vurderingsskjemaet, sjå Vedlegg nr.8. Målet med møtet var å einast om bruken av nye vurderingsskjema for praksisstudiar i grunnleggande sjukepleie i andre semester og fordjupingspraksis i sjetten semester. For dei to praksisstudiane i spesialisthelsetenesta i tredje og fjerde semester av studiet, vart det arbeida med eit anna vurderingsskjema, også med utgangspunkt i læringsutbytte. Kull 62 var dei første til å bruke dette skjemaet våren 2014, og var slik dei første med nye vurderingsskjema i heile studieløpet.

4. Refleksjon over prosessen med å implementere nytt vurderingsskjema

Då tidlegare instituttleiar tok initiativ til å gå bort frå å bruke eit felles vurderingsskjema for alle praksisperiodar, fekk initiativet ei blanda mottaking. Etter mange års bruk var vurderingsskjemaet godt innarbeida hos kontaktsjukepleiarar og praksislærarar. I tillegg tok også studentar til orde for at

vurderingsskjemaet fungerte godt. Vurderingsskjemaet hadde likevel svake sider, særskilt på andre praksisarenaer enn tradisjonell somatisk sengepost. Fleire av praksislærarane i PSH og HSPL hadde erfart at vurderingsskjemaet ikkje var optimalt i forhold til å synleggjere studenten sine ferdigheiter og kunnskapar i sjukepleieutøvinga i PSH og HSPL. I PSH var det til dømes nødvendig å lage egne avklaringar for korleis tolke vurderingspunktet som omhandla arbeidsstilling og forflytting, sjå Vedlegg nr. 1.

Praksisprogrammet i HSPL vart i si tid utarbeida i samarbeid med praksisfeltet. Programmet var eit godt utgangspunkt for rettleiing og vurdering av studenten sin forventa kompetanse, sjå Vedlegg nr.2. Praksisprogramma vart tatt bort i 2009 i samband med overgangen til læringsutbytte, der ordlyden skulle ta vare på breidda i sjukepleieutøvinga. I PSH og HSPL hadde vi også gode erfaringar med å bruke arbeidsplan som reiskap under rettleiing og vurdering i praksisstudiane. Arbeidsplanen var fram til 2009 knytt til læringsmål, og seinare til læringsutbytte. Fleire kontaktsjukepleiarar brukte planen aktivt til å rettleie og vurdere studenten undervegs i praksis og under vurderingssamtalane. I arbeidsplanen skulle studenten formidle korleis arbeide for å nå definerte mål for praksisstudiane, og styrke egne kunnskapar og ferdigheiter. Erfaringane med arbeidsplan i PSH og HSPL var slik nyttige å trekke vekslar på i arbeidet med nytt vurderingsskjema.

4.1 Læringsutbytte som utgangspunkt for rettleiing og vurdering

Innføring av læringsutbytte gjorde at praksislærarane måtte avklare ulike omgrep for studentar og kontaktsjukepleiarar i forventings- og vurderingssamtalar. Nokre studentar og kontaktsjukepleiarar meinte det var vanskeleg å forstå fleire av læringsutbytta. I slike tilfelle måtte praksislærar forklare korleis læringsutbytte kunne konkretiserast, og då løyste det seg som oftast ved at student eller kontaktsjukepleiar kom med eksempel. Samanhengen mellom læringsutbytte frå emneplanen og kva som vart vektlagt i praksisoppfølginga, vart slik meir synleg enn tidlegare. Det var nødvendig med avklaringar også i lærarkollegiet. Studentane oppfatta at lærarane ga ulike signal om læringsutbytte. I nokre tilfelle handla det om lærarar som ikkje hadde vore involvert i arbeidet i emnegruppa. I andre tilfelle handla det om at vi trong nokre rundar for å bli samkøyrte og få erfaring med å bruke nytt skjema. Det kunne også handle om at læringsutbytta glei over i kvarandre, der det same saksforholdet kunne omtalast under fleire læringsutbytte.

Praksislærarane i PSH og HSPL hadde tilsvarande erfaringar då arbeidsplan i Vedlegg nr.3 vart brukt saman med tidlegare vurderingsskjema. Sidan arbeidsplan ikkje var brukt som verktøy før i femte semester av studiet, var det uvant for studentane å konkretisere korleis dei ville gå fram for å nå læringsmåla. Det var vanskeleg å ha klare forventningar til egne læringsbehov, dersom det var uklart kva praksisstudiane i PSH og HSPL ville gi dei av ny læring. Studenten må her formidle korleis lære på

eit ukjent praksisområde. Pedersen (2007; s.137) omtalar dette som eit paradoks i læring. Vår erfaring var at studentane etter kvart såg arbeidsplanen som eit ledd i eiga bevisstgjerjing av læring. For å kunne uttrykke og formidle eiga læring, måtte studenten ha tilstrekkeleg innsikt i eigne læringsbehov i tillegg til skriftleg formuleringssevne. Studentane som meistra dette best, utmerka seg gjerne i skriftleg arbeid og elles i faglege refleksjonar. Studentane frå Kull 56 valte å delta med testskjemaet, og var gjerne slik meir motivert for ei slik endring enn kulla etter. Tilbakemeldinga frå Kull 56 var i all hovudsak positiv, til forskjell frå dei neste kulla som var meir negative. Kull 57, 58, 59 og 60 hadde brukt tidlegare vurderingsskjema i tre praksisperiodar, og var ikkje van med å operasjonalisere læringsutbytte. I det nye vurderingsskjemaet var operasjonaliseringa blitt del av den formelle vurderinga. Det var i seg sjølv ei ny utfordring.

Når læringsutbytte er styrande for det studenten skal fokusere på i praksisstudiane, må studenten reflektere over eigne kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse. Det er forventa at studenten evnar å formidle eigen mestringsforventning og forbetningspotensiale undervegs i praksisperioden og ved overgang til nytt praksisemne. Når studenten si eigenvurdering er ein del av vurderingsskjemaet, fremjar det dokumentasjon og refleksjon over eiga læring, ikkje berre til vurderingssamtalen, men også undervegs i praksisstudiane. I følgje Skår (2007; s.106) handlar læring også om å oppdage ny kunnskap gjennom å bruke kunnskapen først, for slik å forstå meir. I praksisstudiane møter studentane nye læresituasjonar, som gir ny erfaring og innsikt i ny kunnskap og læring. Fleire av studentane formidla at det var lettare å formidle eigne vurderingar munnleg i vurderingssamtalen, eller i rettleiingssituasjonar med kontaktsjukepleiar, enn å formulere det skriftleg i skjemaet.

